



FAGFORBUNDET

ÅRSMELDING 2021



Fagforbundet avdeling 12 Stryn

Gode medlem, her kjem den årlege oppsummeringa av drift og aktivitetar i fagforeininga vår for 2021

2021 har som 2020 vore eit år prega med mykje restreksjonar for alle i høve til covid-19. Mange måtte jobbe frå heimekontor, medan andre har stått i frontlinja og møtt på jobb gjennom krisa. Belastninga har vore stor for mange. Dei fleste av oss har framleis endra/auka arbeidsoppgåver, og alle har måtta ta i eit tak for å kome gjennom dette.

Tusen takk til alle som har stått på i denne vanskelege tida!

Tariff 2021

2021 var eit mellomoppgjer.

Dei sentrale forhandlingane hadde ei økonomisk ramme på 2,82%.

Det vart forhandla fram eit tillegg på mellom 10 000 og 22 000 kroner i året for Fagforbundet sine medlemar.

I tillegg vart det sett av midlar til lokale forhandlingar i kap.4. Total pott var på kr.2 550 000,-

Fagforbundet avd.12 fekk gjennom krav i høve potten på om lag kr.831 424,-

Totalt fekk vi gjennomslag heilt eller delvis for tilsaman ca.11 enkeltkrav.

I tillegg vart det innfridd eit stort gruppekrav, samla tilsvarar kronesummen ein fekk ca.32% av pott gjeldande frå 01.10.21.

Totalt sett er det et godt resultat for Fagforbundet i forhandlingane for 2021.

Vi vil fortsette å jobbe for å løfte grupper tilsette i forhandlingane framover.

Fokus på verving

Verving er alltid ein viktig del av fagforeiningsarbeidet, og har i år, som tidlegare år, hatt stort fokus. Målet er å oppretthalde medlemstalet og auke noko. Styret har i år hatt 30 nye medlemmar som vervemål. Vi har ikkje fått gjennomført arbeidsplassbesøk slik vi har gjort før, og det meste av kontakten med medlemar har blitt overlatt til plasstillitsvalde. Vi håpar 2022 blir eit annleis år og at vi kan få ha meir kontakt med medlemar på dei ulike arbeidsplassane.

Som ein kan sjå av årsmeldinga, hadde vi 24 nye innmeldingar, men vi mister ein del medlemar iløpet av året. Ein del av dette er naturleg fråfall, men vi misser og ein del medlemar når dei går over til pensjonisttilværet. Vi må jobbe for å behalde desse og informere om fordelane med å framleis vere organisert sølv om ein ikkje er yrkesaktiv lenger. Vi vil jobbe hardt framover for å verve fleire medlemar og behalde dei vi har.

Vi vil halde fram med verving i dei komande åra, fordi det er mange som er uorganiserte på arbeidsplassane. For at vi skal utvikle gode løns- og arbeidsvilkår for alle medlemmane, må flest mogleg i arbeidslivet vere organiserte.

Til slutt vil eg rette ei stor takk alle tillitsvalde både i styret, på arbeidsplassane og som verneombod. Utan innsatsen dykkar, hadde det vore vanskeleg å drive med fagforeiningsarbeid slik vi gjer.

Tusen takk for innsatsen!

Stryn 03. januar 2022

Tone Almenning

-Leiar-

Styret har i perioden hatt følgjande samansetjing:

Fagforeningsstyret	Namn	Organisatorisk frikjøp og frikjøpsprosent	Honorar i kr	Ansvarsområde etter vedtektene og retningslinjene
Leiar	Tone Maria Almenning		19 995,-	
Nestleiar	Unni Skåre		9 998,-	
Kasserar	Eivind Arne Tonning		2 300,-	
Leiar yrkesseksjon helse og sosial	Marthe Fridtun Brendefur			
Leiar yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst	Trine Hegna			
Leiar yrkesseksjon samferdsel og teknisk	Eivind Arne Tonning			
Leiar yrkesseksjon kontor og administrasjon	Unni Skåre			
Ungdomstillitsvald	Nina Hegna Tenden			
Pensjonistillitsvald	Lill Berit Tjugen			
Fane 2 ansvarleg/ opplæringsansvarleg	Lone Frøholm Kvamme		19 995,-	
Styremedlem	Rigmor Nesje			
Vararepresentant yrkesseksjon helse og sosial	Oliv Inger Opheim			
Vararepresentant yrkesseksjon samferdsel og teknisk				
Vararepresentant yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst	Synnøve Hjelmeseater Oppedal			
Vararepresentant kontor og administrasjon	Mette Lilleseth			
Vara ungdomstillitsvald	Amalie Skogstad			
Vara pensjonistillitsvald				
Vara styremedlem				

Vara for SHS er fast møtande på styremøta med uttalerett og stemmerett.

Fagforeninga sitt frikjøp av hovudtillitsvald i 2021:

<i>Verv</i>	<i>Namn</i>	<i>Frikjøpsprosent</i>	<i>Tariffavtale</i>
<i>Hovudtillitsvald</i>	<i>Lone Frøholm Kvamme</i>	<i>95</i>	<i>KS</i>

Representantar til representantskap/ regionmøte

Til Fagforbundet Vestland sitt Representantskap/regionmøte har fagforeninga hatt følgjande representantar:

- Tone Maria Almenning
- Unni Skåre

Valkomiteen

Valkomiteen har bestått av:

<i>Anne-Mari Nyheim</i>
<i>Anita Tømmerstøl Roset</i>
<i>Kristine Vibeke Risøy</i>
<i>Vara</i>
<i>Hildegunn Fuhr</i>

Maksimal aktiv periode er 3 år. Vara rykker opp.

Revisorar

1: Markvard Sunde

2: Peder S Tøsse

Vara:

Alle verv skal veljast for 2 år. Ifylgje vedtektene, § 11.5.1 skal ikkje leiar og opplæringsansvarleg veljast same år som nestleiar og kasserar.

I tillegg til å vere personleg vara for dei ulike verva, er dei same personane vara i rekke for andre styremedlemar. Styret konstituerer seg på fyrste møte og vel sekretær.

Yrkesseksjonar:

Yrkesseksjon helse og sosial (SHS):	<i>Marthe Fridtun Brendefur</i>	Leiar, representant fylkesseksjonskonferanse
Yrkesseksjon kyrkje, kultur og oppvekst (SKKO)	Trine Hegna	Leiar, representant fylkesseksjonskonferanse
Yrkesseksjon kontor og administrasjon (SKA)	Unni Skåre	Leiar, representant fylkesseksjonskonferanse
Yrkesseksjon samferdsle og teknisk	Eivind Arne Tonning	Leiar, representant fylkesseksjonskonferanse

Det går med ein del tid som opplærings- og fane 2 ansvarleg med å sende ut informasjon til medlemar og oppdatere medlemsregisteret. I tillegg har leiar andre leiaroppgåver. Eit forsiktig anslag viser at dette tilsvarar om lag 6 t/v, dvs. om lag 300 timar pr. år. I dette inngår oppgåver og ansvar som leiar.

Kasserar har ansvar for føring av foreininga sitt rekneskap, og får betalt etter medgått tid.

Styret har hatt 8 styremøter og handsama 41 saker.

Saker som kan nemnast er:

Fotballprosjektet

Styret fekk førespurnad om å vere med på eit prosjekt for å støtte jentefotball. Bakgrunnen er at Fagforbundet og Toppfotball Kvinner samarbeider i kampen for likestilling på fotballbana, i arbeidslivet og i samfunnet. No ønskjer dei å legge til rette for at fagforeiningar og forbundsregionar kan samarbeide med fotballklubbar i deira nærmiljø. Vi er i dialog med Stryn fotball, men har ikkje landa på kva Fagforbundet Stryn kan stille opp med. Dessverre har vi ikkje kome i hamn med dette prosjektet. Ungdomstillitsvald har hatt kontakt med Stryn fotball, men interessa har vore dårleg frå Stryn fotball si side.

Møter

Leiar og nestleiar har delteke på representantskapmøte for Fagforbundet Vestland. Det har vore jamnlege telefon/videomøter med forbundsregionen.

Andre møter /samlinger i fagforeninga sin regi:

Det har jamleg vore møter med alle tillitsvalde. Vi har hatt nokre medlemsmøter på arbeidsplassane, men planlegg til fleire i 2022.

Bobiltur, besøk frå regionkontoret. Parkerte bobilen mellom Stryn omsorgsenter og Tønning barnehage.

Medlemsmøte i kulturhuset i etterkant med informasjon om lønsoppgjeret, samt informasjon frå nestleiar i Fagforbundet Vestland om medlemsfordelar.

Styret håpar å få til fleire samlingar for medlemar i 2022. Klubbane planlegg samlingar for tilsette på den enkelte arbeidsplassen. Det vil og bli fleire medlemsmøter med val av plastillitsvald. Mange av desse møta har blitt utsett grunna korona og restriksjonar, men forhåpentlegvis får ein gjennomført dette i første halvår.

21. april inviterar vi alle medlemar til førestillinga «en kveld med Magnus» med Magnus Jackson Krogh. Vi håpar mange vel å ta turen i kulturhuset denne dagen, du kjem ikkje til å angre!

Sosiale aktivitetar

Årsmøte i kulturhuset 21.01.21.

Medlemsmøte for medlemar i Stryn kommune i kulturhuset 06.09.21

Medlemsmøte Tønning skule 02.11.21

Medlemsmøte teknisk 16.11.21

Styret inviterte alle med verv innan foreininga samt verneombod på julesamling 7. desember 21.

Kontorforhold

Fagforbundet Stryn leiger ikkje lenger kontorlokaler. Leigekontrakta vart sagt opp i oktober og styremøte vert no halde på kommunesenteret eller i kulturhuset.

Økonomi

Det har vore lite utgifter dei siste åra grunna lite aktivitet med tanke på korona, og vi har ikkje lenger utgifter til kontorlokaler.

Angående budsjett og regnskap blir det vist til eiga sak i årsmøtet.

Fagforeininga sine organisasjonsområde - medlemar og tillitsvalde fordelt på tariffområder

Fagforeninga har per 31.12.2021 medlemmer innanfor følgjande tariffområde:

Tariffområde	Tal medlemar
KS	296
Spekter helse	0
Spekter øvrige	0
PBL	5
KA	2

Arbeidsgjevar	Tal medlemar
Stryn kommune	280
Vestland fylkeskommune (Stryn Vidaregåande skule)	16
Stryn Bedriftsbarnehage	5
Kyrkjeleg fellesråd	2
Helse Førde	0
Lærlingar	20
Uføre/pensjonistar	109
Permisjon/passive	5
Elev/student	16
Fritatt (over 75 år)	78

Plasstillitsvalde

(jfr. vedtektenes § 11.7).

Arbeidsgjevar	Tariffområde	Namn på klubbleiar (tillitsvald etter hovudavtalen)
Vikane omsorgssenter	KS	Marianne Skåden Drageset/Mona Presthus
Stryn omsorgssenter	KS	Ingrid M Eikenes/ Tone Almenning/ Anita B Sølvberg
Miljø og velferd	KS	Margaret Skåre
Vikane skule og barnehage, Olden skule, Olden barnehage	KS	Aud Elisabet Skrede
Loen skule og barnehage, Oppstryn skule og barnehage, Tonning skule	KS	Trine Hegna

Tønning og Vikalida barnehage, Rand og Nordsida skule og barnehage	KS	Rigmor Nesje
Vaktmeisterar/uteseksjon	KS	Eivind Tønning
Reinhald/kulturhuset/bibliotek	KS	Lone Frøholm Kvamme
Kommuneadministrasjon	KS	Lone Frøholm Kvamme
Stryn bedriftsbarnehage	PBL	Kristi Muldsvor
Kyrkjeleg Felleusråd	KA	Galina Kvalheim
Stryn VGS	KS	Lillian Skåre Harstad

Medlemsutvikling

Fagforeningens vervemål:		Fagforeningens vervemål for yrkesaktive:			
Vervemål totalt:	Måloppnåelse:	Vervemål yrkesaktiv:	Måloppnåelse:		
30	24	30	24		
Medlemstall totalt:		Yrkesaktive totalt:			
01.01.21	31.12.21	01.01.21	31.12.21		
520	516	269	254		
Antall yrkesaktive medlemmer under 30 år:		Antall pensjonistmedlemmer			
01.01.21	31.12.21	01.01.21	31.12.21		
		105	95		
Studenter:		Lærlinger:		Elever:	
01.01.21	31.12.21	01.01.21	31.12.21	01.01.21	31.12.21
6	5	17	20	16	16
Antall yrkesaktive medlemmer KS			Antall yrkesaktive medlemmer Spekter		
01.01.21	31.12.21	01.01.21	31.12.21	01.01.21	31.12.21
263	254				

Fagforeninga føl opp medlemmar som melder seg ut. Ein tek kontakt med nyttilsette og uorganiserte. Framleis er ein del tilsette uorganiserte og det er viktig å vere synleg og prøve å verve desse. Vi har ein jobb å gjere når det kjem til verving. Vi bør ha noko auke i medlemmar iløpet av eit år.

Aktivitet i utvala

Ungdomsutvalet

Utvalet si samansetning:

Nina Hegna Tenden - Ungdomstillitsvald

Amalie Skogstad - Vara ungdomstillitsvald

Pensjonistutvalet

Lill Berit Tjugen - Pensjonistillitsvald

Manglar kandidatar.

Seksjonsstyret for yrkesseksjon helse og sosial

Utvalgets sammensetning:

Det er ikkje sett saman eige utval.

Seksjonsstyret for yrkesseksjon kontor og administrasjon

Utvalgets sammensetning:

Det er ikkje sett saman eige utval.

Seksjonsstyret for yrkesseksjon samferdsel og teknisk

Utvalgets sammensetning:

Det er ikkje sett saman eige utval.

Seksjonsstyret for yrkesseksjon kirke, kultur og oppvekst

Utvalgets sammensetning:

Det er ikkje sett saman eige utval.

Som ein kan sjå er det ikkje eigne seksjonsstyre, dette er grunna manglande kandidatar. Det er utfordrande å finne nokon som er interessert i å ta på seg ulike verv i styre og utval, og dette gjer det vanskeleg å få utført noko i seksjonsstyre. Oppmodar medlemmar om å ta på seg verv og vere med på å utvikle fagforeininga og påverke kva ein skal jobbe med og mot. På denne måten kan ein vere med å påverke kva fagforeininga skal jobbe med.

Øvrige utval i fagforeninga

Forhandlingsutvalet i Stryn

Vert vald av tillitsvalde sjølve

Lone Frøholm Kvamme	Leiar
Trine Hegna	Medlem
Eivind Arne Tønning	Medlem
Ingrid M Eikenes	Varamedlem
Marianne Skåden Drageset	Varamedlem

Medlemar til administrasjonsutvalet i Stryn kommune.

Vert peika ut av styret og plasstillitsvalde, jf. Hovudavtalen del B § 4 og § 6(jf. aml § 7 med føreskrifter).

Føl no valperioden til kommunestyret, unntaket er valperioden som er på 2 år.

Lone Frøholm Kvamme	Representant
Rigmor Nesje	Representant
Trine Hegna	Vara
Eivind Arne Tønning	Vara

Medlemar til arbeidsmiljøutvalet i Stryn kommune

Vert peika ut av styret og plasstillitsvalde, jf. HA del B § 4 og § 6.

Føl no valperioden til kommunestyret, unntaket er valperioden som er på 2 år.

Lone Frøholm Kvamme	Representant
Marianne Skåden Drageset	Representant
Margaret Skåre	Vara
Eivind Arne Tønning	Vara

I tillegg til dette har ein møte og uttale rett i politiske utval.

I Stryn er dette fordelt slik:

HTV/leiar	- helse- og sosial utvalet
Ingen kandidat	- skule- og kultur utvalet

Hovudtillitsvald i Stryn kommune har hatt jamnlege møter med tillitsvalde, forhandlingsutval, arbeidsgjevar og medlemmar, alt etter behov og omfang i dei ulike sakene.

Fagforbundet avd. 12 er representert med 2 rep. i både arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet i Stryn kommune.

Saker av større omfang i 2021 som kan nemnast her er;

- Lønsoppgjer, lokale forhandlingar kap 4
- Lokale lønsforhandlingar i kap. 3.4 og 5.1.
- Tilsetjing ny Kommunedirektør
- Krav om auka stilling

HTV i Stryn er med i HTV-nettverket i Nordfjord.

Det har vore få fysiske møter i 2021, håper å ta opp igjen dette i 2022.

LITT OM YMSE AKTIVITETAR I FOREININGA.

Ymse arrangement foreininga har hatt deltakarar på i kronologisk rekkefylgje;

01. februar Faglig konferanse for helsesekretærer – 3 timers nettkurs

09. februar Etikk, yrkesetikk og taushetsplikt. 4 timers digitalt kurs

09. mars Yrkesseksjonskurs

22. mars HTV kurs

21. april samling for tillitsvalde i private barnehagar

11-12. mai digitalt grunnleggende turnus kurs

20. April. 17:00- 19:00 Tvang og trusler

01. og 02. september kurs i lokale lønnsforhandlinger.

06 september Medlemsmøte Kulturhuset

17 og 18 november Representantskapmøte

30 november-01 desember yrkesseksjonsleiarsamling

JUBILEUMSMEDLEMMAR 2021

25-års diplom og merke vert delt ut til medlemmar som passerer 25 års medlemskap i meldingsåret (2020)

Dei som skal ha merke og diplom for 25 års medlemskap er;

Svein Frithjof Rønne, Gerd Sunde, Anita Blø Sølvberg, Monja Johanne Tytingvåg, Tove Spjelkavik.

I tillegg har desse 40 års medlemskap i LO, og skal ha utdelt diplom og nål.

Marta Aaland, Gerd Eikenes, Idun Folven, Sigurd Hegdal, Aud Støyva, Margunn Breidablikk, Randi Gald, Ottar Hol, Margaret Heidi Røyset, Margunn R Ytreeide.

FAGFORBUNDET AVD. 12 STRYN GRATULERAR!



Diplom og merke vert utdelt på årsmøte. Dei som ikkje har høve til å møte får dette tilsendt i posten.

Styret stadfestar med dette årsmeldinga for 2021 frå Fagforbundet avd. 12 Stryn.

Tone Maria Almenning

Leiar

Unni Skåre

Nestleiar/ leiar SKA

Trine Hegna

Leiar SKKO

Eivind Arne Tønning

Kasserar/Leiar SST

Rigmor Nesje

Styremedlem

Nina Hegna Tenden

Ungdomstillitsvald

Lill Berit Tjugen

Pensjonisttillitsvald

Marthe Fridtun Brendefur

Leiar SHS

Lone Frøholm Kvamme

Fane 2/Oplæringsansvarleg

Stryn 21. januar 2022